

KYRKJEVALET 2015

Informasjon om høve til å stilla valiste til Austrheim sokneråd
Frist for innlevering er sett til 1. mai 2015
Alle krav til lista som framgår av § 7,1 må haldast.
Må sendast valstyret: Austrheim sokneråd.
For meir informasjon ta kontakt på tlf. 56 16 72 90

§ 7. Kandidatlister (vallister)

§ 7-1.

Lister med framlegg til kandidatar:

- a. skal vera komne inn til leiaren av valstyret seinast 1. mai i valåret,
- b. skal være eigenhendig underskrivne av minst ti røysteføre forslagsstillarar,
- c. skal oppgje tydeleg:
 - kva val det gjeld, med namn på sokn og valdagar,
 - namna på forslagsstillarane, og eventuelt ha namnet på gruppa som overskrift før namnet på kandidatane,
- d. skal oppgje ein tillitsvald blant forslagsstillarane som valstyret kan venda seg til ved drøftingar om listeframlegget,
- e. skal ha kandidatar som er oppførte med heile namnet og alder, og – i den grad ein ønskjer det eller det er naudsynt for å unngå forveksling - med adresse og yrke/stilling. Kandidatane skal vere spurte på førehand,
- f. bør ha minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn blant dei kandidatane som det er gjort framlegg om på kvar liste,
- g. skal ha kandidatane sette opp i prioritert rekjkjefølgje,
- h. bør ha minst 20 prosent representasjon av kandidatar under 30 år. Alle kandidatlister må ha minst så mange ulike kandidatar som talet på faste medlemmer som skal veljast, jf. kyrkjelova § 6 første ledd. Lista til nominasjonskomiteen skal minst ha så mange ulike kandidatar som det samla talet på faste medlemmer og varamedlemmer som skal veljast. Ei liste kan ikkje innehalde meir enn dobbelt så mange namn som talet på medlemmer og varamedlemmer som skal veljast.

Det er ikkje tillate å gje røystetillegg til kandidatar (kumulering på førehand).

Som vedlegg til kandidatlista skal det følgja ei liste over fødselsdatoen til kandidatane, og kontaktinformasjon til kandidatane. Dersom ein kandidat ikkje er ført i manntalet som busett i soknet, må det liggja ved dokumentasjon om at personen vil fylla krava til røysterett og vera valfør på valdagen.

Ein forslagstillar kan òg stå som kandidat på den same lista.